

## Ikkje alle kommunar tilbyr brukarstyrt personleg assistanse

**Bruken av personleg assistanse har hatt ein jamn auke sia tenestetilbodet blei heimla i lov om sosiale tenester i 2000. Per i dag blir ordninga brukt av noko over 2000 personar. Det er likevel store forskjellar i kva grad kommunane yter tenesta. Framleis er det om lag 100 kommunar som ikkje tildeler brukarstyrt personleg assistanse trass i at brukarundersøkingar har vist at tenestemottakarane jamt over er godt nøgde med ordninga.**

Fylkesmannsembeta får likevel årleg relativt mange klager på tenesta. I hovudsak blir det klaga over avslag på søknader om å få ordninga, og over at omfanget på tildelt assistanse ikkje er tilstrekkeleg i høve til dei behova brukaren har.

Statens helsetilsyn har i 2007 arbeidd med ei kunnskapsoppsumme-ring med vekt på utfordringane knytte til tilsyn med brukarstyrt personleg assistanse. Samtidig har Helse- og omsorgsdepartementet komme med eit framlegg til å rettsfeste denne tenesta sterkare for å oppnå større likskap mellom kommunane når det gjeld å tildele tenesta, og for å oppnå større valfridom og brukarmedverknad.

Det er for tidleg å vite om det blir endringar i ordninga, og eventuelt kva som blir endra. Tilsynsarbeid som fokuserer på at brukarstyrt personleg assistanse skal utførast på ein fagleg og etisk forsvarleg måte, og som må givast høg

prioritet, vil i alle tilfelle vere ei aktuell tilråding. Brukarstyrt personleg assistanse er på mange måtar ei spesiell teneste. Brukar og assistent er ofte aleine mange timar i veka og i situasjonar som vi må rekne som private. Tenestemottakarar med mentale funksjonsnedsetjingar kan vere ekstra sårbare dersom tenesta ikkje fungerer som føreset. Mange mottakarar er heilt avhengige av assistansen for å kunne bu heime.

Arbeidsgivar- og arbeidsleiaransvaret knytt til brukarstyrt person-leg assistanse kan organiserast på ulike måtar. Som oppdragsgivar er det likevel kommunen som har ansvar for at tenestetilbodet er forsvarleg, og plikt til å sjå etter at det er forsvarleg. Fylkesmannen skal føre tilsyn med om kommunane følgjer krava som lova stiller til tenestene. Kunnskapsoppsummeringa om brukarstyrt personleg assistanse skal i denne samanhengen vere med på å identifisere område der det kan vere fare for at tenesta sviktar.